

# Matbokskrivar og ordførar på

**Setjepresident Heldal sette matbokskrivar Heidi Eikremsvik, forleggjar Otto Ermland og ordførar Kjetil Hestad i høgsetet då Tysnes komlelag hadde førjulskomler i Sjøbua torsdag kveld.**

Medan president Malkenes sleikte sol under palmene i Syden, var det setjepresident Heldal (Mikal, red.anm.) si oppgave å leia komlelagsmedlemmer og inviterte gjester gjennom den siste komlesamkoma før jul. Det skjedde med glimt i auga og med den gode humoren på lur, ja, i god setjepresident-stil.

## Komlelaget i ny matbok

Matbokskrivar Heidi Eikremsvik og forleggjaren til den nye matboka om sunnhordlandske mattradisjonar, Otto Ermland, var sjølvskrivne æresgjester på den høgtidlege komlefesten. Det var og ordførar Kjetil Hestad. Andre æresgjester var Bergitte og Ruth Sletteskog, og Anne Merete og Hans Ole Dalland, som alle er omtala i boka.

Boka om gamle mattradisjonar frå Sunnhordland er nesten blodfersk frå trykkeriet, boka er så vidt presentert nokre andre stader i Sunnhordlands-riket. Torsdag var det tid for boksepp på Tysnes, under høgtidsstunda i Sjøbua og på Mandelhuset etterpå.

Tysnes har fått fleire fine omtalar i den nye matboka. Eit av dei er om Tysnes komlelag. Under arbeidet med boka var forfattaren sjølv med på komlemiddag i Sjøbua, og ho har såleis eit godt grunnlag for å formidla kor viktig komla er, gastronomisk, men og kor viktig det sosiale laget er når slik ein hugnadsmat skal fortærast.

## Den glade bodskap

Komlelaget har i følgje setjepresidenten arbeidd mykje med integrering. Å få gjort komla kjent for dei stadig flei-

re innvandraran til øyriket Njardarlog er ei viktig målsetting for komlelaget. Difor var det heilt naturleg at integreringsdirektøren i komlelaget, herr Berge med førenamn Egil, hadde lagt ned eit grundig førehandsarbeid med ein skikkeleg invitasjon til sjølvaste ordføraren. Ordføraren skal nemleg, i følgje setjepresidenten, ha vore på Grønland. Difor såg setjepresidenten det som heilt naturleg at ordføraren vert den fyrste representanten i sogelaget sin integreringspolitikk.

– Neste gong vil me prøva å invitera ein osing, la setjepresidenten til.

Ordføraren på si side håpa på kort aspiranttid i komlelaget. Han ser fram til å verta eit verdig medlem.

– Det går gjetord om komlelaget. Det er ei ære for meg å verta invitert. For meg var det heilt naturleg å prioritera komlelaget framfor invitasjonen frå Aker-selskapet i kveld, framførte ordføraren, til stor applaus frå komleelskarane.

– Eg er klar til å ta på meg utfordringa med å spreia den glade komlebodskapen, la han til.

Finansar var det lite snakk om under førjulskomla. Finansdirektøren var fråverande. Setjepresident kunne likevel med stor glede konstatera at økonomien er på gong. Finansdirektøren har sidan sist klart å skrapa inn 450 kroner til laget, etter laget si satsing på kjøp av skrapelodd.

## På full mage

Solide komler er kraftig kost, med kålrabistappe, steikt flesk i store skåler og saltakjøtt og vossakorv attåt. Slik var det også i Sjøbua. På full komlemage sat komlesogene lett. Enkelte soger skal til og med ha vore sanne. Gjestene fekk ei humørfyllt stund i lag med allereie faste lagsmedlemmer.

– Ei gamal kone rodde frå Skjellviksundet og over Langenuen på ei halv komle,

kunne setjepresidenten opplysa. Med to komler meinte han at ein kunne ro til Austevoll.

Kor langt nyopptecken komlelagsmedlem Hans Ole Dalland kunne ro etter komlemiddagen, veitest ikkje. Men bordsidemann Svein Ove Agdestein, som hadde teke turen eins ærend frå Bergen for komlesamkoma, meinte at Dalland kunne ro mykje lengere enn til Austevoll. Dalland repliserte at han hadde robåten liggjande klar utanfor Mandelhuset.

## Tankevekkar

Bokskrivar Heidi Eikremsvik kom og med nokre alvorsprega ord til forsamlinga. Gjennom arbeidet med å samla stoff til tradisjonsmatboka, hadde ho registrert at ungdom som tek til på kokkelina ikkje kjenner bruken av kniv og gaffel slik det var vanleg for dei som var unge for nokre tiår sidan.

– Det er ein tankevekkar at ungdom i dag ikkje har denne kunnskapen, meinte Eikremsvik.

Ho reflekterte også over måltida sin plass i ein familie. Om at måltida har vore viktige knutepunkt i einkvar familie, at ein høyrer til ein plass, ein plass der ein kan finna ro og ein plass der ein er trygg på dei ein er saman med.

– Tanken med boka er å dokumentera tradisjonsmat i regionen, kvardagsmat og festmat, bygd på råvarer og kunnskap som ein har hatt rundt seg. Det ein hadde på gardane, bestemte kva mat ein hadde på matbordet, informerte forfattaren.

OLE SKATEN  
ole@tysnesbladet.no



**KOMLELAGSFEST:** Matbokskrivar Heidi Eikremsvik og ordførar Kjetil Hestad var inviterte gjester på komlelaget si førjulssamling, der den nye matboka frå Sunnhordland vart presentert. Bokforleggjar Otto Ermland var og invitert til komlefest.



## Fleskasos, komler og festsuppa



TRADISJONSRETT: Anne Merete Dalland lagar god, gamaldags fleskasos. Det kan du lesa meir om i den nye matboka. (Foto: Heidi Eikremsvik)

**Gamle, gode tradisjonsrettar frå Sunnhordland er komne i bokform. Levande tradisjonsmat er tittelen på den nye boka.**

Fleskasos, komler og festsuppa er mellom matrettene som har fått god plass i den nye matboka frå Sunnhordland. Boka er nyss ferdig frå trykkeriet og er no på plass i bokhandlarhyllene.

## Fleskasos frå Dalland

Tysnes er godt representert i den nye matboka. Forfattar Heidi Eikremsvik har vore på fleire Tysnesbesøk. Hos Anne Merete og Hans Ole Dalland

har ho fått innføring i fleskasos. Levande skildrar ho frå kjøkkenet på Dalland korleis fleskasosen blir til. Fleskasos er i dag ikkje kvardagskost slik det tidlegare var i mange heimar.

– Me er svært glade i fleskasos, både me og dei utflytta borna våre, fortel oslojenta Anne Merete Blichfeldt Dalland som gifta seg til Tysnes, og slo seg ned på heimstaden til mannen Hans Ole.

Dei to har ført vidare den gamle tradisjonsretten.

## Komler på Mandelhuset

Eikremsvik har også vitja både komlelaget og Bergitte Sletteskog.

Om komlelaget skriv forfattaren: «I Sjøhuset på Våge møttest forbundsfellene ein gong i alle månader med «r» i. Resten av året må dei prøva å klara seg best dei kan utan bordseta rundt komlene.»

Både komlene og komlelaget har fått god spalteplass i boka, og blir også illustrert gjennom ei rekkje bilete.

Samlinga i komlelaget blir avslutningsvis skildra slik:

«Praten surrar og dei knegjer og ler. Ikkje lett å koma gjennom lyduren no, om det er eit poeng. Berre ein ting kan stogga praten: Om nokon reiser seg og seier ordet «komla». Då misser alle munn